



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president
Karl Johansgt 22
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
16/3177-

Dato
02.12.2016

**Spørsmål nr. 291 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant
Sveinung Rotevatn**

Eg viser til brev av 24. november 2016 frå Stortingets president med spørsmål til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Sveinung Rotevatn.

Spørsmålet lyder: *"Korleis har utvikling i NO_x-utslepp vore hos dei bedriftene som er del av NO_x-avtalen, samanlikna med dei som ikkje er det?"*

Plikta til å betale NO_x-avgift omfattar i hovudsak energiproduksjon med større einingar i verksemdar innan petroleumssektoren, skipsfart, fiske og fangst, luftfart, jernbanedrift, industri og bergverk. Næringsorganisasjonane har gjennom dei to NO_x-avtalene teke på seg å bidra til gjennomføring av tiltak i perioden 2008 – 2017 som til saman reduserer dei årlege utsleppa av NO_x med 34.000 tonn, samanlikna med ein referansebane utan desse tiltaka. Referansebanen ein hadde under avtaleforhandlingane synte auka utslepp som følgje av auka aktivitet i økonomien. Den utslippsreducerande effekten av dei einskilde tiltaka vert berekna ut frå stipulert årlig driftsomfang (normalt forbruk av energivare) for verksemda i åra før tiltaket vert gjennomført. NO_x-avtalene regulerer ikkje aktivitetsomfang i dei ulike næringane.

Alle verksemdar som er omfatta av NO_x-avgifta, også dei som er tilslutta NO_x-avtalen og har avgiftsfritak, rapporterer sine utslepp til Skatteetaten. Andelen avgiftspliktige utslepp frå verksemdar som er tilslutta NO_x-avtalen har auka frå 92,0 pst. i 2009 (første heile år med NO_x-avtale) til 96,5 pst. i 2015. I andelen som betaler avgift inngår òg skip og luftfartøy i statlege verksemdar som Forsvaret, Kystverket, universiteta og staten sine forskingsinstitutt. Rapporterte utslepp frå desse verksemdene utgjorde i 2015 nærare 2 pst. av dei samla avgiftspliktige utsleppa. Resten av utsleppa det vert betalt avgift for vil typisk omfatte skip og luftfartøy med sporadisk aktivitet i norske farvatn og luftrom. Utslepp som ikkje er omfatta av

NO_x-avtalen kjem difor frå eit fåtal verksemder som til dels ikkje er samanliknbare med verksemder som er omfatta. Ein må difor vere varsam med å trekkje konklusjonar om verknaden av avtalen basert på utviklinga i NO_x-utslepp frå verksemder som er omfatta av avtalen og dei som betaler avgift.

Med desse atterhalda les vi ut av Skatteetaten sine oversikter at dei samla NO_x-utsleppa frå avgiftspliktige kjelder vart reduserte frå om lag 107.000 tonn i 2007 (året før avtalen ble inngått) til om lag 90.000 tonn i 2015, sjå tabellen under. Verksemdene som var tilslutta NO_x-avtalen hadde samla utslepp på om lag 96.000 tonn i 2009 (første heile år med avtale) og om lag 87.000 tonn i 2015. Auka aktivitet og auke i delen av utsleppa som er tilslutta avtalen, er årsakar til at desse utsleppa ikkje er meir reduserte.

Tabell: Avgiftspliktige utslepp av NO_x, utan og med NO_x-avtale. Tonn NO_x.

	Utan NO _x -avtale	Med NO _x -avtale	Samla avgiftspliktige utslepp
2007	107 084		107 084
2008	58 739	45 413	104 151
2009	8 365	96 301	104 666
2010	6 467	95 836	102 304
2011	6 599	102 571	109 170
2012	5 569	97 090	102 659
2013	5 481	104 681	110 163
2014	7 970	93 488	101 458
2015	3 129	87 342	90 472

Kjelde: Skatteetaten og Finansdepartementet.

NO_x-fondet har først og fremst medverka til å gjennomføre utsleppsreducerande tiltak innan skipsfart og fiske. Andelen av avgiftspliktige utslepp frå skipsfarten som er tilslutta NO_x-avtalen auka jamt frå 84 pst. i 2009 til nærare 93 pst. 2015. Dei samla rapporterte utsleppa frå skipsfart er i denne perioden reduserte frå om lag 44.000 tonn til 33.000 tonn. I same periode er rapporterte utslepp frå skip som er tilslutta NO_x-avtalen reduserte frå om lag 37.000 tonn til om lag 31.000 tonn. For skip som ikkje er tilslutta avtalen viser tala frå Skatteetaten ein stor utsleppsreduksjon frå 9.000 tonn i 2009 til om lag 2.400 tonn i 2015. Her inngår òg utsleppsreduksjonar som følgjer av tiltak og nye fartøy mellom anna i Forsvaret. Innan fiske har kjelder som står for nær 100 pst. av avgiftspliktige utslepp vore tilslutta NO_x-avtalen over heile perioden 2009-2015. Desse utsleppa er reduserte frå om lag 9.000 tonn til om lag 5.000 tonn i perioden.

Med helsing

Vidar Helgesen